



TILTAKSKORT FOR BARNEHAGE/ SFO / SKULE VED AUGEKATARR	
Om augekatarr	Augekatarr kan skuldast bakteriar eller virus. Det er ofte vanskeleg å vere sikker på årsaka då symptoma er relativt like uavhengig av årsak.
Kan barnet få sjukdomen fleire gonger?	Ja
Smittemåte	Både bakteriar og virus smittar via kontakt med augesekret, enten direkte eller via fingrar/handkle og liknande.
Symptom og teikn til smitte	Raude auge, kløe, svie, tåreflod, gulaktig sekret (puss) som ofte fører til igjenklistra auge om morgonen. Ved bakteriell årsak er det typisk at det andre auge vert affisert etter eit par dagar. Symptoma kan ofte oppstå for begge årsaker i relasjon til forkjøling eller luftvegsinfeksjonar.
Tiltak ved utbrot av augekatarr	Handhygiene og generell hygiene er viktig, spesielt i samband med vask og stell av auge med mykje puss. Barn med kraftig augekatarr med mykje puss bør vere heime. Det er ikkje grunnlag for å anbefale at barnehagebarn ved mild til moderat augekatarr skal vere heime. Barnet sine føresette avgjer om barnet skal undersøkjast av lege. Ved antibiotikabehandling kan barnet gå i barnehage/skule/SFO dagen etter at behandlinga er starta. Kloramfenikol augedråpar- eit middel mot bakteriell augebetennelse.
Informasjon frå: https://fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/ https://helsenorge.no/sykdom/oye/oyekatarr https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928	Treng du meir informasjon ta kontakt med helsesjukepleiar eller legekantoret